

På lag med  
**framtida.**

Stad Venstre



VENSTRE

# Ein Stad for alle



**Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.**

Eit sterkt Venstre i Stad vil sikre at den nye kommunen har gjenomføringskraft og samarbeidsånd. Vi vil ta den gode utviklinga i Eid dei siste åtte åra vidare inn i heile Stad, så det blir ein god stad å bu, jobbe og drive næring. Ved å satse på fortsatt auke i folketal står vi best rusta for framtida.

Stad Venstre sine 39 kandidatar på lista til kommunevalet, med ordførar i Eid Alfred Bjørlo som vår ordførarkandidat, er klare for å gjere ein innsats for Stad.

**Røyst Venstre ved kommunevalet i Stad 2019!**

## Skule og oppvekst

Stad skal vere ein plass det er godt å vekse opp for born og unge. Venstre vil styrke satsinga på kvalitet i skulen, og løfte ungdommen sterkare fram.

### Vi vil:

- ✓ Auke ressursane til lærartimar på skulane
- ✓ Behalde og vidareutvikle dagens skulestruktur
- ✓ Sikre naudsynt oppgradering/utbygging av skulebygg, barnehagar og andre kommunale bygg
- ✓ Innføre røysterett for 16-åringar og gje Ungdomsrådet auka medverknad og talerett i kommunestyret

## Nyskaping og grøn vekst

Stad kommune skal vere i lands-toppen innanfor næringsliv og stadutvikling. Vi vil legge til rette for tilflytting og ny næringsut-viking i heile kommunen.

### Vi vil:

- ✓ Ha byggeklare tomter i alle krinsar
- ✓ Setje tilflytting og rekruttering av folk øvst på dagsordenen i Stad kommune
- ✓ Seie nei til auke i eigedoms-skatten, og ha som mål å redu-sere han når kommuneøkonomi-en tillet det
- ✓ Fullføre utbygginga av fiber og breiband til heile kommunen
- ✓ Arbeide for fleire desentrali-serte fagskule- og høgskuletil-bod
- ✓ Utvikle Nordfjordeid vidare som regionsenter i Nordfjord

## Helse og omsorg

Venstre vil sørge for at Stad kommune gir god omsorg til deg som treng det - når du treng det.

### Vi vil:

- ✓ Styrke satsinga på heime-basert omsorg og omsorgsbu-stader. Sikre eit tilstrekkeleg tal langtidsplassar/sjukeheim-splassar
- ✓ Få på plass gode dagsenter-tilbod - også for demente
- ✓ Legge til rette for fleire heil-

tidsstillingar og ein heiltidskultur i Stad kommune

- ✓ Styrke tilbodet på kvinnehel-se, mellom anna ved å få tilbake fullgode gynekologitenester på Nordfjord sjukehus
- ✓ Styrke folkehelsearbeidet - tettare samarbeid med idrettsliv, bygdelag og frivillige organisa-sjonar

## Klima og miljø

Venstre ønskjer å omstille Stad til eit nullutsleppsamfunn, med mål om å klare dette innan 2030

### Vi vil:

- ✓ Ta initiativet til eit tverrpo-litisk klimaforlik i Stad, der alle partia vert einige om ambi-sjonsnivå og forpliktar seg til ei felles plattform i arbeidet med klima og miljø
- ✓ Ha ladestasjonar for elbil i heile kommunen
- ✓ At kommunale bygg skal vere klimanøytrale innan 2030
- ✓ Ha like strenge miljøkrav til cruisenæringa, som no er inn-ført i verdsarvfjordane, for helie Vestlandet, inkludert Nordjord. Få etablert landstraum på Nord-fjordeid
- ✓ Ha ein storstilt dugnad med skogrydding for å lage utsikt langs vegane i Stad kommune
- ✓ Legge til rette for miljøvenn-lege sanitæranlegg og ordningar for avfall på turistmåla i Stad kommune

# ” Omsorg når du treng det.

**Alfred Bjørlo**  
Ordførarkandidat



## Kultur, idrett og fritid

Stad kommune skal vere ein stad med allsidige og spennande kulturtilbod og fritidsaktivitetar for alle.

### Vi vil:

- ✓ Ha fritidskort som gjev alle born og ungdomar tilbod om minst éin gratis fritidsaktivitet
- ✓ Legge til rette for utlån av utstyr til fritidsaktivitetar ved å gjere BUA tilgjengeleg for alle i Stad kommune
- ✓ Redusere halleiga for idretten og prisane i kulturskulen
- ✓ Legge til rette for utbygging av nærmiljøanlegg rundt skulane, i samarbeid med lokal bygdelag og idrettslag
- ✓ Legge betre til rette for frivillige lag og organisasjonar - særleg for born og unge

## Ein sterkare region

Venstre vil arbeide for ein sterkare samla region i Nordfjord, der vi står saman for vekst, utvikling og nye arbeidsplassar.

### Vi vil:

- ✓ Byggje Nordfjordbrua Anda-Lote og Stad Skipstunnel
- ✓ Styrke Eid vidaregåande skule og Måløy vidaregåande skule som utdanningssenter
- ✓ Arbeide for eit samla Nordfjord - på sikt med éin felles kommune i Nordfjord, gjerne inkludert Vanylven
- ✓ Arbeide for at Nordfjord som region skal ta ein sterkare posisjon i nye Vestland fylke - mellom anna gjennom styrking av dei vidaregåande skulane og utflytting av oppgåver og funksjoner frå stat og fylke til Nordfjord og Stad kommune



**“ Skular i nærleiken er viktig for godt læringsmiljø og vekst i hele kommunen.**

**Helle Frogner**

2. kandidat for Stad Venstre



**“ Levande bygder, ei sterk landbruksnæring og å utvikle Stad og Nordfjord som region.**

**Knut Tore Nes Hjelle**

3. kandidat for Stad Venstre



**“ Tilrettelegge godt for unge som vil etablere seg her, og for at eldre skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer.**

**Kristianne Nore**

4. kandidat for Stad Venstre



**“ Eg vil jobbe for tilflytting og nye arbeidsplassar.**

**Gunnar Silden**

5. kandidat for Stad Venstre



# **Alfred Bjørlo**

## Ordførarkandidat

**Eid, Selje og Bryggja kan få til fantastiske ting saman i år som kjem.**

Det er for tida ein enorm guts, dugnadsånd og stå-på-vilje blant folk som vi må heie fram. Vi har eit kommunesenter som held på å bli det kraftsenteret i Nordfjord mange har etterlyst. Vi har livskraftige bygder frå hav til fjell. Vi har eit næringsliv i forrykande vekst og utvikling - ikkje minst på kysten.

Som ordførar i Eid sidan 2011 har eg hatt gleda av å leie ein

commune som har gått frå stagnasjon til vekst. Eg kan love å stå på like hardt som ordførar i Stad som eg har gjort i åtte år i Eid - men det krev eit sterkt Venstre ved valet i Stad!

Det er no det gjeld for Stad. Eg og Venstre er klare for innsats om du ynskjer det slik. Godt val!

### **Alfred Bjørlo**

Ordførar i Eid og Venstre sin ordførarkandidat i Stad

[facebook.com/bjorloalfred](https://facebook.com/bjorloalfred)



## **Gunhild Berge Stang**

### Fylkesordførarkandidat

Født 1974, er gift og har tre barn. Utdanna arkeolog. Budde mange år i Bergen/Oslo før eg flytta heim til Fjaler, kor eg er ordførar. Særleg oppteke av næringsutvikling og kultur. Brenn for å bygge moderne samfunn på bygda, som er attraktive for dagens ungdom, også for dei med høgare utdanning, og ikkje minst for jenter.

Vestland Venstre går til val på å setje ungdom først. Vi treng nye, friske kreftar til å styre, og ønsker å gje ungdomane sjansen til å forme det nye fylket vårt. Riktig godt val!

## **Vestland Venstre sine kandidatar**

- 1. Gunhild Berge Stang**, Fjaler
- 2. Geir Kjell Andersland**, Bergen
- 3. Agnes Hoshovde Bernes**, Alver
- 4. Alfred Bjørlo**, Stad
- 5. Tom Hiis Bergh**, Bergen
- 6. Elizabeth Toft Erichsen**, Øygarden
- 7. Astrid Hårstad Knutsen**, Bergen
- 8. Jan Henrik Nygård**, Kinn
- 9. Åsta Årøen**, Bergen
- 10. Torstein Tvinnereim**, Stryn
- 11. Ragnhild Handeland**, Kvinnherad
- 12. Jon Ove Lomheim**, Luster
- 13. Margunn Østrem**, Voss
- 14. Daniel Gangeskar**, Kinn
- 15. Ingrid N. Fjeldstad**, Bergen
- 16. Vegard Løknes**, Bergen
- 17. Maria Knagenhjelm**, Sogndal
- 18. Astrid Dale**, Bjørnafjorden
- 19. Njål Eliasson**, Kinn
- 20. Grete Line Simonsen**, Bergen
- 21. Bjørn Tore Sund**, Osterøy
- 22. Terje Horvei**, Aurland
- 23. Marit Gjerstad**, Bergen
- 24. Rolf Nesheim**, Alver
- 25. Else Mundal**, Sogndal
- 26. Anton Engen**, Bergen
- 27. Marius Hellan Hindenes**, Alver
- 28. Judith Kapstad**, Sunnfjord
- 29. Galo Austegard**, Bergen
- 30. Kari Østervold Toft**, Øygarden
- 31. Kjersti Brevik Møller**, Bergen
- 32. Ronny Knutsen**, Askøy
- 33. Bjørn Arne Mjåseth**, Askvoll
- 34. Siri Kristoffersen Hamre**, Bergen
- 35. Jostein Osnes**, Etne
- 36. Kariann Fagerli**, Stad

# Venstre sine kandidatar i Stad.



**1. Alfred Bjørlo (1972)**  
frå Nordfjordeid , og har vore ordførar i Eid sidan 2011, stiller no som Stad Venstre sin ordførarkandat i 2019.




**2. Helle Frogner (1974)**  
bur i Ervik på Stadlandet.  
Ho arbeider til dagleg som kulturrådgjevar i Vanylven kommune, og er også fotograf.



**3. Knut Tore Nes Hjelle (1972)**  
bur på Hjelle i Eid, og er til dagleg bonde med sau og mjølkeproduksjon. Han er leiar i Oppvekst- og Kulturutvalet i Eid.



**4. Kristianne Nore (1974)**  
frå Bryggja, jobber til dagleg som fastlege i Eid og er legevaktsjef ved Nordfjord legevakt.



**5. Gunnar Silden (1952)**  
frå Selje er driftsleiar i Mowi.  
Han har vore medlem i Selje kommunestyre sidan 2011,  
og er leiar Stad Venstre.

- 6. Kirsti Ohrvik Olsen (1969)**  
Hjelle, helsefagarbeidar
- 7. Anna Teresa V. Sundal (2001)**  
Haugen, UV/student
- 8. Kariann Fagerli (1977)**  
Barmen, lærar
- 9. Sylvia Hammersvik (1949)**  
Stårheim, sosionom
- 10. Stig G. Myren (1968)**  
Nordfjordeid, pedagog
- 11. Svein Rotevatn (1954)**
- 12. Jon Frogner (1973)**
- 13. Ingeborg F. Bjørlo (2000)**
- 14. Ole Martini (1999)**
- 15. Marilyn Osmundsvåg (1969)**
- 16. Svein A. Henjesand (1963)**
- 17. Solveig S. Kjesbu (1978)**
- 18. Anita O. Hoddevik (1970)**
- 19. Inge A. Engebretsen (1971)**
- 20. Linda Gotteberg (1968)**
- 21. Joachim Scobie (1969)**
- 22. Håvard Fagerli (1976)**
- 23. Vidar Rasmussen (1946)**
- 24. Jorunn Breiteig (1963)**
- 25. Bettina Vick (1971)**
- 26. Arve Dahl (1945)**
- 27. Siv L. Rotevatn (1958)**
- 28. Ståle Åhjem (1962)**
- 29. Yngve Kjørstad (1977)**
- 30. Webjørn Moa (1948)**
- 31. Svanhild O. Lothe (1944)**
- 32. Julie Ervik (1990)**
- 33. Brit Moa (1950)**
- 34. Ole H. Ludvigsen (1977)**
- 35. Gabriel Frogner (2001)**
- 36. Karoline Austring (1986)**
- 37. Hilde Henriksen (1953)**
- 38. Gunvald Ludvigsen (1949)**
- 39. Johan Kroken (1943)**

Les mer om vår politikk og våre kandidatar, eller  
meld deg inn i Stad Venstre, på våre nettsider.

[www.venstre.no/stad](http://www.venstre.no/stad)

